




**Vidare planar...**

Vi har tenkt å knytte Sykkylven Ungdomsskule til dette prosjektet slik at det vert skulens ULANDSPROSJEKT.

Vi vil også arbeide for at elevar og personell derifrå kan besøke skulen i Arba Minch

Kontaktpersonar:

Steinar Myklebust  
Aleksander Ekornes  
Lillian Irene Hole  
Ole Andreas Utgård  
Solveig Klungsøy



Bli med og bygg ein skule for 1. - 8. klasse med plass for 800 elevar i

# Arba Minch



Dei har draumane vi har pengane



# Arba Minch

## Ein skuledraum

I byen Arba Minch i Sør-Etiopia drøyer dei om å bygge ny skule for 1.-8.klasse med plass til 800 elevar. Vi i Sykkylven har fått utfordringa: HJELP oss å bygge denne skulen som med bygningar og inventar ferdig til bruk er prosjektert til 1,6 millionar kroner.

Det betyr: EIN ELEVPLASS KOSTAR BERRE 2000 KRONER!

Til samanlikning kostar den nye Sykkylven ungdomsskule Kr 100 millionar og har plass til ca 350 elevar. Skulen i Arba Minch kostar under 2% og har plass til 800 elevar.

## Utførleg prosjektplan

Budsjett og detaljerte planar er utførleg forklart og dokumentert i fylldig prosjekt plan frå utviklingskontoret til Mekane Yesus kyrkja i Sørvest Etiopia. I budsjettplanane er lagt inn løn til lærarar fyste månadane. Vidare drift er basert på skulepenger, kr 50 per måned som dekker løn til personalet og vedlikehald. Dette betyr at skulen er sjølvfinansierande etter bygging!

## Bakgrunn og oppfølging

Mekane Yesus kyrkja ønskjer verkeleg å tene folket og ivrar for å drive både helsearbeid, sosialt arbeid og skular.

Kontaktpersonar til Etiopia i dette prosjektet er Solveig og Peter Klungesøyr i Ålesund, som har arbeidd mange år i landet og kjenner både byen og han som har utarbeidd prosjektplanane.

Frå før har ein misjonsorganisasjon i Norge, NLM, starta og utvikla vidare både sjukehus og yrkeskule i denne byen.

No treng dei ein barne og ungdomsskule.....



Skoletomta



## Arba Minch

betyr "førte kjelder".

Byen har 75000 innbyggjarar og ligg 1500 moh.

Frå hovudstaden Addis Abeba treng flyet ein time, med bil brukar vi 10 timar. Byen har stor tilflytning av folk frå nabadistrikta, men styresmaktene greier ikkje å legge forholda (bolig, skule, helsestell) godt nok til rette for den aukande befolkninga.

Skulane er overfylte, ofte 70-100 elevar per klasse.

Utdanna folk vegrar seg mot å flytte til byen fordi barna vil få mangelfull undervisning.

## No har vi fått ein utfordring:

HJELP OSS Å BYGGE EIN SKULE. GI BARN A EIN SJANSE TIL EIT GODT GRUNNLAG FOR VIDARE UTDANNING OG EIT HÅP OM EI BETRE FRAMTID.